

# TRØNDELAG MYRSELSKAP

## Årsmelding 1982

### 79. arbeidsår

#### Medlemskap og organisasjon

Medlemstallet i 1982 var i alt 198. Det er 3 fleire enn i 1981. 76 medlemmer er livsvarige. Selskapet har 2 æresmedlemmer.

Styret har hatt denne samansettninga i 1982:

Formann: Maskinhaldar/bonde Inge Krogstad, Lundamo

Varaformann: Bonde Eivind Nygård, Støren

Styremedlemmer: Heradsagronom Einar Øien, Foslandsosen, bonde Johan Hermstad, Rissa, disponent Arne Grønning, Steinkjer og bonde Jon Woll, Verdal.

Varamenn til styret: Bonde Johan Storm Nielsen, Snåsa, heradsagronom Per Husby, Rissa, bonde Arnt Inge Vognild, Nerskogen, bonde Matias Formo, Skage i Namdalen, bonde Bjørnar Roel, Namdalseid og bonde C. O. Halvas-Svendsen, Aungrenda i Holtålen

Sekretær og kasserar: Inge Olav Nøvik, Sparbu.

Representantar i Det norske jord- og myrselskap: Formannen, Inge Krogstad og varaformannen, Eivind Nygård.

Vararepresentant: Styremedlem Einar Øien.

Representant i Landbruksveka i Trondheim: Varaformann Eivind Nygård.

Vararepresentant: Styremedlem Johan Hermstad.

Revisorar: Tidlegare fylkesagronom Anton Hofstad, Steinkjer og bonde Sigurd Klefstad, Beitstad.

Vararevisor: Bonde Anton Trøgstad, Sparbu.

Valgkomite: Lektor Ivar Mattingdal, Verdal (form.), bonde Jarl Vågen, Verrabotn og bonde Åge Rønning, Haldalen.

#### Faglig arbeid

I samband med siste årsmøte som vart halde 10. mars 82 under Landsbruksveka i Trondheim, heldt direktør Ole Lie foredrag om emnet «Myrressursene i Trøndelag. I hvilken grad kan disse utnyttes i bruksutbyggingen?» og forskar Rolf Celius snakka om «varig grasdekke på myrjord. Hva kan gjøres for å oppnå dette?»

Saman med Innherred Forsøksring arrangerte selskapet 11. mars eit fagmøte om myrdyrking. Følgande foredrag vart halde:

Direktør Ole Lie: Organisering av dyrkingsarbeidet og ulike dyrkingsmetoder.

Heradsagronom Audun Grav: Grøfting og kanalisering av myr.

Forskar Rolf Celius: Lokale erfaringer med hensyn til dyparbeiding, jordpakking og plantevalg på myr.

Oppslutninga var særleg stor om det siste møtet.

I meldingsperioden er det planlagt foredragsmøte i samband med årsmøtet under Landbruksveka i Nord-Trøndelag og det same foredragsmøtet skal haldast i Rissa 9. mars 1983.

Betre jordkultur har etter kvart vorte ei viktig sak. Etter oppmoding frå Innherred Forsøksring, gjorde styret 14.4.82 i den samanheng vedtak om å gå til innkjøp av ein *Ølgod-plog* til djuparbeiding av grunn myr. Plogen vart kostande kr. 18 610,- (inkl. moms, frakt og forsikring) levert Steinkjer kai. Med denne plogen kan ein pløye ned til ca. 0,75 m. Erfaringar frå driftssesongen 82 viser at det ikkje må vere stein eller blokk under myra. Trekk-

kraftbehovet og sjansane for skader på plogen er da store. Myrdjupna og samansetning av undergrunnsmaterialet må derfor vere kjent før ein går i gang med denne plogen. Vidare har ein fått erfaring for at plogen krev ein traktor med firehjulstrek og 70 – 80 hk for å vere grei å «handtere». Minimum løftehøgde må vere ca. 1,05 m.

I 1982 vart plogen brukt på 5 felt på til saman 37 dekar.

## Økonomi

Etter avtale med Det norske jord- og myrselskap får Trøndelag Myrselskap ein tredjedel av kontingensten frå medlemmene i Trøndelagsfylka.

Søknad om tilskott frå kommunar og fylkeskommunar vart i 1982 omarbeid og sendt via Landbrukskontoret i kvar kommune. Dette ga til saman ei økonomisk støtte frå desse på kr. 11 550,–. For leige

av Ølgod-plogen vart det i 1982 tatt kr. 50,– pr. dekar.

Elles viser ein til særskilt regnskapsoversikt for 1982 basert på revidert regnskap.

## Personalsaker

Sekretær og kasserar Rolf Celius varsla på årsmøtet i 1982 frå om at han ønska å slutte i engasjementet.

Styret tok dette ønsket til etterretning og på neste styremøte, 14.4.82 vart konsern i Det norske jord- og myrselskap Inge Olav Nøvik, Mære engasjert som ny sekretær og kasserar.

Lundamo/Mære 4. mars 1983

Inge Krogstad  
formann

Inge Olav Nøvik  
sekr./kass.

# Årsmøte i Trøndelag Myrselskap

Årsmøtet i Trøndelag Myrselskap vart halde 9. mars på Tingvold Gjestegård, Steinkjer (under Landbruksveka i Nord-Trøndelag).

Møtet vart leia av formann Inge Krogstad.

### Sak 1:

Åpning og godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling var skjedd skriftleg til styremedlemmene og ved annonsar i dagspressa og gjennom offentleggjering av program for Landbruksveka i Nord-Trøndelag.

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad.

### Sak 2:

Årsmelding for 1982.

Årsmeldinga var lagt fram skriftleg og vart lest opp av formannen. Innkjøpet av Ølgod-plogen vart kommentert og styret fikk i oppgave å følge med i utviklinga av nytt djuppløyingsutstyr.

Årsmeldinga vart elles godkjent utan merknad.

### Sak 3:

Regnskap for 1982.

Revidert regnskap, anbefalt godkjent av revisorane, var lagt fram skriftleg og lest opp.

Regnskapet for 1982 vart godkjent med slik tilføying: